

Tor Lund
Skjæsarøye 6

2686 LOM

Vår ref
2022/71-3

Dykkar ref
TL

Saksbehandler
Nils Henry Fosstuen

Dato
05.08.2022

Vedtak- Ett-stegs søknad - Nytt lagerbygg - Skjæsarøye 9

Ansvarleg søker: T.LUND EIENDOM AS

Tiltakshaver: T.LUND EIENDOM AS

Grunnlag for vedtak:

Søknad motteken 18.07.2022.

Saksopplysningar:

Det har kome inn Ett-trinns søknad på Skjæsarøye 9, 2686 Lom. Tiltaket gjeld oppføring av lagerbygg.

Tiltakets storleik er BYA 160m², BRA ca 145m², saltak med vinkel 25grader, mønehøgde på 5,9m.

Naboar er varsla.

Ansvarsrettar:

T. Lund Salg og utleie, 997 868 196:

SØK, heile tiltaket.

PRO, heile tiltaket.

UTF, heile tiltaket.

Vurdering:

Reguleringsplan for Prestøya/Gjeisarøya er gjeldande for området og tiltaket.

Området er flaumutsett og dermed må bygget vere plassert flaumsikkert.

Flaumsikker kote er i plan satt til kote 365,66 moh.

Bygget er omsøkt som eit lagerbygg med del som er oppvarma, lager/kvilerom. Bygget skal ikkje innehalde arbeidsplassar, Arbeidstilsynet er dermed ikkje varsla.

Det er ikkje søkt om å leggje inn offentleg V/A og må omsøkjast dersom behov.

Tiltaket vurderast til å vere i medhald til plan.

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova med forskrifter blir det gjeve løyve til ovannevnde tiltak på eigedom 37/ 3/ 5 med fylgjande merknader:

- Tiltaket skal utførast i medhald til innsendt søknad, gjeldande lover, forskrifter og planar.
- Bygget (tak og veggjar) skal ha naturfarge i den mørke og varme del av fargeskalaen.
- Bygningsavfall skal leverast til godkjent avfallsmottak.
- Dersom tiltaket ikkje er sett i gang seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyva bort.
- Det same gjeld dersom arbeidet blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. Pbl. § 21-9.
- Søknadspiktige tiltak skal avsluttast med ferdigattest. Tiltaket skal ikkje takast i bruk før det er søkt om og gjeve ferdigattest eller førebels bruksløyve, jf. Pbl. 21-10.

*Vedtaket kan klagast til **Lom kommune**. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen brevet kom fram til adressaten. Klaga må vera postlagt innan fristens utløp.*

Klaga skal sendast skriftleg til den som har gjort vedtaket. Gje opplysning om vedtaket det blir klaga over, den eller dei endringane du ynskjer, og dei grunnane du vil leggje til grunn for klaga. Dersom du klagar så seint at det kan vere tvil om du har klaga i rett tid, må du og opplyse når denne meldinga kom fram.

Brevet er elektronisk og vert sendt utan signatur

Med venleg helsing

Nils Henry Fosstuen
Byggesaksbehandlar
Plan, byggesak og miljø

Kopi til:

T.LUND EIENDOM AS

Skjæsarøye 6